


DEBITORSKIFTE

Torhild Nordtveit



Forord

Denne boka er ein omarbeidd versjon av doktoravhandlinga som blei til i løpet av den tida eg var tilsett som stipendiat ved Det juridiske fakultet i Bergen. Mange skal ha takk for at dette prosjektet har blitt gjennomført.

Først må nemnast fakultetet for finansieringa av forskarutdanninga. Fakultetsleiinga si støtte kom særleg til uttrykk gjennom forskingsdekan Anne Marie Frøseth. Resten av kollegiet ved fakultetet har òg bidratt med støtte og gode diskusjonar og råd, og det same gjeld tilsette ved andre nordiske forskingsinstitusjonar. Rettleiarane mine, Hilde Hauge, Bjarte Askeland, Johan Giertsen og Rune Sæbø har vore særleg viktige. Det same gjeld forskargruppeleiar Hans Fredrik Marthinussen.

Meltzerfondet ga støtte til forskingsopphald i Berlin og Heidelberg, og til seminar i Helsingfors. Eg er òg takksam overfor Holbergprisen, som ga meg høve til å utvide mitt perspektiv gjennom deltaking i meistarklasse med Onora O'Neill. Fakultetsbiblioteket ga alltid god hjelp.

Eg hadde òg god støtte frå familien, og er takksam for alt frå juridiske diskusjonar og lesing av utkast til jamleg fôring.

Bønes 17. april 2023

Torhild Nordtveit

Innhald

Kapittel 1

Innleiing	13
1.1 Om emnet	13
1.1.1 Eit innleiande oversyn over problemet.....	13
1.1.2 Døme på debitorskiftesituasjonar	14
1.1.3 Behovet for debitorskiftereglar	17
1.2 Terminologi	18
1.3 Kort om debitorskiftesituasjonen	20
1.3.1 Grunnleggjande avgrensingar.....	20
1.3.2 Forholdet til kreditorskifte	24
1.3.3 Debitoren sine rettar	26

Kapittel 2

Rettsleg regulering av debitorskifte	27
2.1 Historisk oversyn	27
2.1.1 Utviklinga av debitorskiftereglane	27
2.1.2 Særleg om utvikling av tredjepartsverknaden av debitorskifteavtalar.....	28
2.1.3 Oversyn over den sentrale rettspraksisen frå 1900 til 1911.....	34
2.1.4 Det samla resultatet av dommane	38
2.2 Pantelova § 2-7.....	39
2.2.1 Om føresegna	39
2.2.2 Interpellasjonsrett og samtykke	40
2.2.3 Tredjepartsverknaden av debitorskifteavtalen	41
2.2.4 Ansvarsdeling og gjennomføring av debitorskiftet.....	43
2.2.5 Avtalte avvik frå føresegna.....	44
2.3 Lov om hendelege eigeidomshøve §§ 7 og 13	45
2.4 Selskapsrettslege reguleringar	47
2.4.1 Selskap med personleg ansvar	47

2.4.2	Aksjelovene.....	51
2.5	Arbeidsmiljølova kapittel 16.....	54
2.6	Anna lovgiving.....	56
2.7	Rettslitteratur	57
2.8	Høgsterettspraksis etter år 2000.....	59
2.9	Andre lands rett og internasjonale modellover.....	61
2.10	Det eksisterande bildet av debitorskifte.....	63

Kapittel 3

Tilnærming til emnet	66
3.1 Eit metodisk spørsmål	66
3.2 Hohfeld: eit analyseverktøy for rett- og pliktposisjonar	69
3.2.1 Hohfeld sin analyse av rettslege relasjonar.....	69
3.2.2 Forholdet mellom avhendaren, ervervaren og kreditoren	74
3.3 Gruppering av problemstillingar	77
3.4 Problemstillingar.....	80
3.4.1 Systematikkorienterte problemstillingar	80
3.4.2 Dogmatiske eller systemorienterte problemstillingar.....	83
3.4.3 Omsynsbaserte problemstillingar	89
3.5 Strukturen i framstillinga.....	108

Kapittel 4

Resultatet av debitorskiftet	109
4.1 Siktemålet med debitorskiftet.....	109
4.2 Grunnlaget for kreditoren sitt krav	110
4.2.1 Problemstilling.....	110
4.2.2 Moglege grunnlag for kravet.....	110
4.2.3 Regelen i norsk rett	113
4.2.4 Den rettslege skilnaden mellom novasjon og suksesjon	114
4.2.5 Kva er suksesjon? Kva er novasjon?	119
4.2.6 Val av bakgrunnsrett	134
4.2.7 Samanfating.....	141
4.3 Objektet for overføringa – ansvaret for skyldnaden	141
4.3.1 Innleiing	141
4.3.2 Hovudytinga og sideplikter	142
4.3.3 Motrekningsrettar.....	145
4.3.4 Kausjon og andre garantiar	147
4.3.5 Skyldnadar på ulike utviklingsnivå	150
4.3.6 Lempingskrav og mishalds- og ugildskapsinnseiingar	160

Kapittel 5

Innhaldet i kreditoren sin rett 174

5.1 Problemstilling..... 174

5.2 Alternativt ansvar 176

 5.2.1 Problemstilling..... 176

 5.2.2 Grunnlaget for alternativt ansvar 177

 5.2.3 Avslag med rettsleg verknad 180

 5.2.4 Unntak frå alternativt ansvar ved debitorskifte..... 186

 5.2.5 Avslutning..... 197

5.3 Om kreditoren sin rett er subsidiær – generelt 198

 5.3.1 Tredjepartsverknadar 198

 5.3.2 Tilbodsteorien og ratihabisjonsteorien 204

 5.3.3 Rt. 1904 s. 819 209

 5.3.4 Konklusjon 210

5.4 Grunnar for unntak frå binding for debitorane 210

 5.4.1 Problemstillingar 210

 5.4.2 Løftet sin bindande verknad..... 211

 5.4.3 Samtykket som grunnlag for binding..... 216

 5.4.4 Frist for å samtykke..... 218

 5.4.5 Bortfall eller lemping av avtalen på grunnlag av etterfølgjande feil 221

 5.4.6 Ugyldig debitorskifteavtale 226

Kapittel 6

Om kreditoren er bunden overfor debitorane: samtykke 232

6.1 Historikk og overordna problemstillingar..... 232

6.2 Samtykke etter ulovfesta reglar 235

 6.2.1 Vurderingstema..... 235

 6.2.2 Kritikk av Høgsterett sin praksis 236

 6.2.3 Tolking av kreditoren si åtferd: nokre døme 239

6.3 Samtykke ved passivitet 251

 6.3.1 Binding som følge av passivitet på ulovfesta grunnlag 251

 6.3.2 Interpellasjonsrett..... 256

6.4 Førehandssamtykke..... 265

6.5 Fritak av avhendaren: selskapslova § 2-30 269

6.6 Avslag på tilbod om ny debitor 270

6.7 Unntak frå samtykkekravet 271

 6.7.1 Innleiing 271

 6.7.2 Lovbaserte unntak 272

6.7.3	Unntak som ikkje følgjer klart av lov	278
6.8	Innskrenkingar i kreditoren sitt høve til å nekte samtykke.....	286
6.8.1	Problemstilling.....	286
6.8.2	Vilkåret om sakleg grunn.....	287
6.8.3	Gjeld det ein generell regel om at avslag må ha sakleg grunn?.....	291

Kapittel 7

Gjennomføringstidspunktet for debitorskiftet	295	
7.1	Problemstilling.....	295
7.2	Lovreglar om ansvarsovergang	296
7.3	Avtalebaserte gjennomføringstidspunkt.....	299
7.3.1	Forholdet mellom lovreglar og avtalte gjennomføringstidspunkt..	299
7.3.2	Partane i ein avtale om gjennomføringstidspunkt	300
7.4	Ansvarsovergang utanfor lov- og avtaleregulerte tilfelle	301
7.4.1	Rettslege grunnlag	301
7.4.2	Notoritet	303
7.4.3	Ved unntak frå samtykkekravet	303

Kapittel 8

Partsforhold	305	
8.1	Problemet	305
8.2	Når kreditoren er den passive parten.....	306
8.2.1	Avsendar av tilbod om ny debitor	306
8.2.2	Avsendar av interpellasjon.....	307
8.2.3	Krav om omgjering av debitorskiftet.....	308
8.3	Når kreditoren er den aktive parten	309
8.3.1	Mottakaren av samtykket eller avslaget.....	309
8.3.2	Mottakaren av innvendingar mot debitorskiftet	311
8.3.3	Avhendaren eller ervervaren si oppfatning av kreditoren si åtferd	312
8.3.4	Framsetjing av omgjeringskrav.....	313
8.4	Samtykke retta til eksterne mottakarar	314

Kapittel 9

Avsluttande refleksjonar	315	
9.1	Siktemålet med kapittel 9.....	315
9.2	Rettskjeldene og rettsoppfatningar som grunnlag for kunnskap om debitorskifte.....	315
9.3	Dei grunnleggjande trekkja ved debitorskifte som grunnlag for kunnskap om rettsfiguren	317

9.3.1	Utgangspunkt for drøftinga.....	317
9.3.2	Tredjepartsverknadar	318
9.3.3	Kreditoren si stilling overfor debitorane	318
9.3.4	Samtykkekravet	319
9.3.5	Alternativt ansvar	321
9.3.6	Suksesjon.....	322
9.4	Ei grunnleggjande lære	322
9.5	Praktiske løysingar	323
9.6	Terminologi	325
9.7	Debitorskifte i framtida.....	325
9.7.1	Samtykke	325
9.7.2	Tredjepartsverknadar	326
9.7.3	Generelt	328
	Litteratur	330
	Lovregister	345
	Dommer og avgjørelser	352
	Stikkord	355


Innleiing

1.1 Om emnet

1.1.1 Eit innleiande oversyn over problemet

Emnet for denne framstillinga er dei spørsmåla som oppstår når ein debitor inngår ein avtale med ein ervervar om at ervervaren skal ta over ansvaret for ein skyldnad debitoren har overfor ein kreditor, med den verknaden at den opphavlege debitoren skal bli fri frå skyldnaden. Høvet for ein debitor til å overføre skyldnaden til ein annan er ikkje sjølvst. Kreditoren kan av ulike grunnar ha ønskje om og rett til å halde på den opphavlege debitoren som ansvarleg for skyldnaden.

Partsforholdet i eit debitorskifte kan illustrerast slik:



I eldre romersk rett var det ikkje mogleg å overføre ansvaret for ein skyldnad til ein annan enn den opphavlege debitoren. Partane sin person blei rekna som ein del av skyldnaden, og skyldnaden kunne ikkje endrast. Det var difor ikkje mogleg å endre subjekt i eit skyldforhold. Fordi det var eit praktisk behov for å kunne erstatte ein debitor med ein annan i nokre samanhengar, innførte ein «novatio», som innebar at den opphavlege skyldnaden fall bort og blei erstatta av ein ny.¹

¹ Novasjon skal handsamast i punkt 4.2 under.

I dag vil det i endå større grad vere til hinder for både næringsverksemd og private avtalar om ein ikkje opnar for ei eller anna form for overføring av skyldnadar. Rett nok ser ein sjeldan avtalar der hovudføremålet er å overføre ansvaret for ei pengegjeld, men i svært mange situasjonar fungerer eit debitorskifte for pengegjeld som eit vilkår for andre transaksjonar.² Det er heller ikkje noko krav om at det som blir overført, må vere ei pengegjeld. Naturalskyldnadar, inkludert tenesteyting og tilverking, kan òg overførast. Det kan vere periodiske skyldnadar, til dømes plikt til å betale husleige eller festeavgift. Mest praktiske er overføring av skyldnadar som eksisterer mellom private partar, anten forbrukarar eller næringsdrivande. I nokre tilfelle kan det bli spørsmål om overføring av til dømes plikter overfor det offentlege, slik som plikt til opprydding av foreining eller oppfylling av ulike vilkår som er sette for eit løyve.

Det overordna spørsmålet i denne framstillinga er kva krav kreditoren kan rette mot kven når avhendaren har inngått ein avtale med ein ervervar om overføring av ansvaret for skyldnaden. Ein kan snu på denne problemstillinga, og spørje kven som kan rette innvendingar som er knytte til skyldnaden mot kreditoren. Dersom skyldforholdet byggjer på avtale, kan det til dømes vere grunnlag for å krevje reduksjon eller bortfall av skyldnaden som følge av kreditoren sitt mishald av skyldavtalen overfor avhendaren, ugildskap eller endra forhold som gir grunnlag for lemping av skyldavtalen. Dersom kravet er skadebotbasert, kan det bli spørsmål om overdraging av innvendingar mot skadebotkravet på grunnlag av kreditoren sin medverknad til skaden, eller fordi han ikkje har oppfylt sin tapsavgrensingsplikt. Når skyldnaden byggjer på eit offentleg vedtak, kan det oppstå spørsmål om heimelen for vedtaket. Med andre ord er spørsmålet kven som er kreditoren sin motpart som den ansvarlege for skyldnaden.

1.1.2 Døme på debitorskiftesituasjonar

Døme på situasjonar der spørsmål om debitorskifte kjem opp, kan vere at ein kjøpar av ein fast eigedom tar over pliktene avhendaren har overfor leigetakarar,³ for gjeld som er sikra med pant i eigdommen⁴ eller for festeavgift overfor

2 Sjå *Krüger*: Pengekrav, s. 93.

3 Sjå lov 26. mars 1999 nr. 17 om husleieavtaler (husll.) § 8-6.

4 Tidlegare såg ein ofte at pantegjeld blei overført til kjøparen ved sal av fast eigedom, men behovet for overføringar har blitt mindre i slike tilfelle etter kvart som det har blitt billigare og enklare å ordne det slik at seljaren gjer opp lånet og kjøparen tar opp eit nytt, samstundes som tilgangen til kreditt har auka. Sjå lov 8. februar 1980 nr. 2 om pant (pantel.) § 2-7.

bortfestaren i tilfelle der kjøpet gjeld ein bygning på ei festetomt.⁵ Det kan òg vere tale om overtaking av konsesjonar som er gitte på vilkår som inneber plikter overfor det offentlege eller private som har interesser i området, til dømes oppryddingsplikt etter naturinngrep⁶ eller plikt til å sikre høvet til reindrift i område der det blir bygt vindkraftverk.⁷ Ein grunneigar har plikt til å betale skadebot for forureiningsskade, uavhengig av om han sjølv er skyld i forureininga.⁸ Dersom det er ein tidlegare eigar som har stått for forureininga, blir det spørsmål om skadebotansvaret er overført til den nye eigaren ved eigedomsoverdraginga.

Etter eit havari har eigaren av den havarete gjenstanden plikt til å rydde opp vrakrestar og anna.⁹ Slike krav kan komme opp i fleire hundre millionar kroner.¹⁰ Kravet skal ifølgje lova rettast mot «den som var eier av motorkjøretøy, skip, fly eller annen liknende større gjenstand, da det ble etterlatt i strid med § 28 eller som er eier når pålegget gis».¹¹ Dersom forsikringsselskapet anten har tatt over eigaransvaret for vraket før pålegg om vrakfjerning blir gitt, eller tar over eigaransvaret i ettertid, kan det oppstå spørsmål om forsikringsselskapet òg har tatt på seg ansvar for vrakfjerning. Oppryddingskrav opnar vidare for spørsmål om i kva grad ervervaren kan haldast ansvarleg for naturinngrep og forureining som er utført av avhendaren. Ofte vil naturinngrepa som skal rettast opp vere føresetnadar for drifta, slik at ervervaren må bli ansvarleg, men det er likevel ikkje sikkert at avhendaren blir fri. Om avhendaren ikkje blir fri, risikerer han å bli møtt med krav om fjerning av avfall eller risiko for forureining lenge etter at overføringa har skjedd.

5 Sml. Lov 20. desember 1996 nr. 106 om tomtefeste (tfl.) § 17.

6 Slik plikt gjeld mellom anna for innehavar av konsesjon til oljeutvinning etter lov 29. november 1996 nr. 72 om petroleumsvirksomhet (petroleumslova) § 10-12 eller til mineralutvinning etter lov 19. juni 2009 nr. 101 om erverv og utvinning av mineralressurser (minerallova) § 50. For overdraging av utvinningsløyve til petroleumssressursar gjeld forskrift 1. juli 2009 nr. 956 om overdragelse av tillatelse og interesseoverføring etter petroleumsskatteloven § 10. Heimelen for forskrifta, lov 13. juni 1975 nr. 35 om skattlegging av undersjøiske petroleumsføremønstre mv. § 10, set krav om at «departementet» må samtykke til «de skattemessige virkningene» av overdraginga.

7 Til dømes vindkraftverket i Vefsn, sjå <https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/konsesjon-til-oyfjellet-vindkraftverk-i-vefsn/id2520527/> med lenke til vedtak frå Olje- og energidepartementet.

8 Lov 13. mars 1981 nr. 6 (forurl.) § 55, jf. § 53 første ledd.

9 Forurl. § 37 (2).

10 Sjø HR-2017-331-A. Refusjonskravet frå Kystverket for utgifter i samband med havariet på 198 714 272 kroner, framsett 27. mai 2011, inkluderte ikkje kostnadane til å fjerne vraket av akterskipet, sjå avsnitt 12. Om kostnadane til vrakfjerning skreiv Stortinget sin justiskomite i Innst. 75 L (2018–2019): «Kostnadene ved å fjerne vrakene kan bli betydelige, men er vanskelig å beregne, da antallet ulykker og kostnadene til vrakfjerning ved den enkelte ulykke vanskelig kan forutsies.»

11 Forurl. § 37 (2).

Selskapsrettslege endringar kan òg innebere debitorskifte. Fisjon og fusjon av aksjeselskap inneber at det overtakande selskapet tar over det avhendande selskapet sine skyldnader. Overføring av selskapspartar til selskap med personleg ansvar vil òg innebere endring i ansvarsforholda overfor både medeigarane og selskapskreditorane. I nokon grad kan debitorskifte skje ved sal av eigardelar i selskap med avgrensa ansvar, men det føreset at selskapet har eit krav mot avhendaren på grunnlag av eigarskapet. Til dømes kan eit aksjeselskap ha uteståande krav på innskott hos ein aksjeeigar som sel sine aksjar. Det blir då spørsmål om ervervaren tar over ansvaret for å betale innskottet.

Spørsmål om debitorskifte kan vidare tenkjast å oppstå ved overføring av eit selskap sine eigedelar.¹² I ein del tilfelle blir arbeidsforhold overførte ved ei såkalla verksemdoverdraging,¹³ noko som inneber at ervervaren tar over avhendaren sine plikter overfor dei tilsette. Dette kan til dømes skje etter at ei verksemd har tapt ein anbodskonkurrans om leveransar til det offentlege eller ved restrukturering av ei verksemd gjennom fusjon eller fisjon av aksjeselskap.

Dersom avhendaren sel eit patent, vil det som nemnt vere nærliggjande å samstundes overføre plikta til å levere ytingar som er avhengige av patentet, ettersom berre patenthavaren lovleg kan utnytte patentet. Det blir då spørsmål om skyldnaden til kundar er til hinder for salet. Tilsvarande gjeld dersom avhendaren sel alt produksjonsutstyret som er nødvendig for å kunne oppfylle pliktene overfor kreditoren.¹⁴

Ein vanleg situasjon for forbrukarar er at dei har inngått ein avtale om å kjøpe ein bustad som endå ikkje er ferdig,¹⁵ eller ein bil som endå ikkje er leveringsklar. Avtalane kan innebere plikt for forbrukaren til å yte kjøpesummen når kjøpeobjektet blir levert. Dersom forbrukaren ønskjer å overføre retten til å kjøpe kjøpeobjektet før leveringstida, blir det spørsmål om han òg kan overføre plikta til å yte kjøpesummen.

Det som er nemnt over er berre døme på situasjonar der det kan oppstå spørsmål om debitorskifte. Fordi det med nokre unntak ikkje finst grenser for

12 Sjå *Rosén*: Aksept av ny naturaldebitor, s. 290.

13 Lov 17. juni 2005 nr. 62 om arbeidsmiljø, arbeidstid og stillingsvern mv. (aml.) kap. 16.

14 Sjå Rt. 2008 s. 969 (Smolt), der plikta til å levere fiskesmolt blei overført til kjøparen av anlegget for smoltproduksjon. Eit døme frå dansk rett finn ein i U 1973.920, der ein sandkakeprodusent hadde selt unna produksjonsutstyret og seinare selt produksjonsrettane og varemerket til ein konkurrent. Ein av produsenten sine kundar med langtidskontrakt meinte at han ikkje var forplikta til å ta mot levering frå konkurrenten.

15 Sjå lov 3. juli 1992 nr. 93 om avhending av fast eigedom (avhl.) § 1-1 (4).

kva slag skyldnadar som kan overførast, og i kva situasjonar debitorskifte kan skje, er det umogleg å gi eit uttømande oversyn over moglege typetilfelle. Opprekninga over er likevel tilstrekkeleg til å vise at debitorskifte er ein praktisk viktig situasjon, som må ventast å skje dagleg, og som bør vere dekt av ei klar regulering. Oversynet viser òg at høvet til å overføre debitorposisjonen ofte vil vere eit vilkår for at debitoren skal kunne overføre sine aktiva slik han ønskjer.

1.1.3 Behovet for debitorskiftereglar

Døma i punkt 1.1.2 viser at debitorskifte ofte er ein føresetnad for at økonomiske transaksjonar skal bli gjennomførte. Det vil i mange tilfelle vil vere vanskeleg eller umogleg å gjennomføre ein transaksjon utan samstundes å overføre ansvaret for ein skyldnad til ervervaren.

Ofte vil det vere mykje om å gjere for avhendaren å kunne gjennomføre ein transaksjon.

Seljaren kan ha eit ønskje om å bli fri frå ein skyldnad når han gir frå seg retten til eit formuesgode fordi han, når han ikkje lenger sit på retten til formuesgodet, ikkje har den fordel som gjer det verd ulempa for han å vere ansvarleg for skyldnadar som er knytte til formuesgodet. Risikoen for å bli halden ansvarleg kan vere ei stor byrde for seljaren, sjølv om ansvaret aldri blir aktualisert.

I ein del tilfelle er ulempa så stor at ein kan seie at seljaren har eit behov for å bli fri frå skyldnaransvaret. Det vil særleg gjelde når salet gjer det umogleg for seljaren å oppfylle skyldnaden overfor kreditoren, til dømes fordi salgsgjenstanden er utstyr eller eit patent eller annan einerett som trengst for å produsere eller distribuere det kreditoren har krav på.¹⁶ Ein som har bygd hus på festa tomt, har gjort store investeringar på tomta, som han ikkje kan realisere utan å kunne overføre festeretten saman med eigedomsretten til huset. Det vil i praksis seie at høvet til å overføre festeretten er eit vilkår for at han skal kunne flytte ein annan stad, til dømes dersom han blir arbeidsledig og må finne jobb på ein annan kant av landet. Omstrukturering av selskap, som kan vere nødvendig for å unngå konkurs, vil vere avhengig av at selskapet sine skyldnadar blir overførte.

Debitorskifte inneber ikkje berre ein einskild transaksjon i form av overdraging av ansvaret for ein skyldnad, men ein heil prosess. Prosessen blir sett i

¹⁶ Overføring av produksjonsutstyr låg til grunn for saksforholdet i høgsterettsdommen som er tatt inn i Rt. 2008 s. 969 (Smolt). Plikta til å levere fiskesmolt blei overført til kjøparen av anlegget for smoltproduksjon. Eg kjem tilbake til dommen under, punkt 2.8.

verk ved at debitorane avtaler at ervervaren skal ta over ansvaret for avhendaren sin skyldnad. Siktemålet med avtalen er at debitorskiftet skal bli gjennomført, men kreditoren sin rett gjer at han må ha ei rolle i debitorskifteprosessen. Der- som debitorskiftet blir gjennomført, må det klarleggjast kva rettar og plikter som gjeld mellom partane etter gjennomføringa. Framstillinga skal dekkje dei sentrale, debitorskiftespesifikke sidene ved denne prosessen, og særleg konsen- trere seg om korleis utviklinga av debitorskifteprosessen påverkar rettsforholda mellom partane.

Trass det som er sagt over, har debitorskifte ikkje vore halde fram som eit sentralt emne i norsk rett. Rett nok har det vore handsama i dei fleste generelle framstillingar innanfor avtale- og obligasjonsretten, men talet på reine debitor- eller personskifteframstillingar er avgrensa.¹⁷

Framstillinga her tar sikte på å skape ei grunnleggjande forståing for debi- torskifte i norsk rett. Kva dette inneber, skal gjerast greie for i kapittel 3. Først vil eg gjere greie for nokre grunnleggjande sider ved debitorskifte og gi eit oversyn over dei eksisterande rettskjeldene for debitorskifte.

1.2 Terminologi

Det er verken i lovgivinga eller i juridisk litteratur utvikla ein presis termi- nologi for debitorskifte. Det kan heller ikkje gjerast før dei rettslege grensene for debitorskifte er identifiserte. For å gjere det mogleg å utføre den oppgåva, er det likevel nødvendig å setje opp ein arbeidsterminologi, som kan brukast undervegs i framstillinga.

Debitorskifte som fører til at avhendaren blir fri frå ansvar overfor kredi- toren, har blitt omtalt som frigjerande, translativt eller privativt debitorskifte eller gjeldsovertaking,¹⁸ men det vil i denne framstillinga berre bli omtalt som «debitorskifte».

Terminologien «avhendar» og «ervervar» siktar til høvesvis den opphavlege debitoren og hans avtalemotpart i debitorskifteavtalen, det vil seie avtalen som ligg til grunn for debitorskiftet. Denne terminologien skil seg frå den som har vore brukt i tidlegare framstillingar av emnet, med unntak av Lilleholt i nokre

17 Sjå oversynet i punkt 2.7.

18 Ifølgje Nynorskordboka kjem termen «privativ» av latin *privare*, som tyder «ta frå». Ordet «translasjon» tyder «det å omsetje», eventuelt det å overføre helgenleivningar til eit relikvieskrin.